

VESTLANDSFORSKING

Postboks 163
6851 Sogndal

Tlf. 57676150
www.vestforsk.no

Årsmelding 2006



VESTLANDSFORSKING

Vestlandsforskning er eit frittståande, oppdragsbasert forskingsinstitutt. Instituttet er organisert som stifting og vart etablert 6. mars 1985. Instituttet er lokalisert i [Sogndal](#), i Campus Fosshaugane. Instituttet har ca. [25 tilsette](#) og ein årsumsetnad på ca. 16 mill kroner. Det er etablert nært samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Grunnleggande ide

Vestlandsforskning er eit internasjonalt forskingsinstitutt med regional forankring. Vår visjon er kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling.

Verdigrunnlag

Vestlandsforskning skal utføre kritisk og uavhengig forskning. Openheit er ein føresetnad i vår kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling. Høg kvalitet skal kjennemerke alle delar av vår verksemd.

Mål

Vestlandsforskning skal levere kunnskapsbidrag av høg kvalitet som bidreg til auka innsikt, nytenking og utvikling både i politikktutforming, forvaltning og verdiskaping. Vestlandsforskning skal delta i forskingsfronten nasjonalt og internasjonalt og vere ein aktiv aktør i utvikling på Vestlandet.

Oppdrag

Vestlandsforskning er eit oppdragsbasert institutt og utfører forskning, utviklingsarbeid og utgreiingar på oppdrag for næringsliv, offentlig sektor, Norges Forskningsråd og EU og det europeiske forskingsorganet (ERA). Oppdraga omfattar både regionale, nasjonale og internasjonale prosjekt. Vestlandsforskning har lang erfaring med deltaking i og leiing av store nasjonale og internasjonale prosjekt.

Forskarane

Forskarmiljøet ved instituttet har fleirfagleg samansetting med tyngda i tekniske- og økonomiske fag. Men også fag som historie, samfunnsvitskap, realfag, landbruksfag og informatikk er representerte. Arbeidet skjer både innanfor og på tvers av faggrupper anten det gjeld praktisk retta forskingsprosjekt eller meir teoretiske arbeid.

Kvalitetssikring

Kvalitetssikring skjer gjennom fagleg rettleiing og kontroll og ved eit eige internt system for kvalitetssikring av prosjektgjennomføringa.

Regionalt kunnskapsknutepunkt


Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane utgjer eit samla regionalt kunnskapsmiljø med om lag 200 fagstillingar. Tilsette ved Høgskulen deltek òg i Vestlandsforskning sine prosjekt.

Finansiering

Prosjektinntektene finansierer den ordinære drifta i Vestlandsforskning. Tilskot i form av grunnløyvingar blir nytta til fagleg utvikling, prosjektutvikling og kvalitetssikring. Ved etableringa i 1985 gjekk Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kommunaldepartementet og 62 bankar, bedrifter, kommunar og organisasjonar i fylket inn med eit grunnfond på 4 mill. kroner.

Organisering

Vestlandsforskning blir leia av styret samansett av sju medlemmer. Sogn og Fjordane fylkeskommune vel fleirtalet av desse, medan Norges Forskningsråd vel eitt medlem. Den daglege leiinga av instituttet blir ivaretatt av direktøren. Forskingsområda er organiserte tematisk og leia av forskingsleiarar og administrative gruppeleiarar.



FORSKINGSOMRÅDA

BRUKARVENNLEGE IT-SYSTEM

- Brukargrensesnitt
- Informasjonsstruktur- og arkitektur
- Kravspesifikasjonar
- Semantiske Teknologiar

ENDRING OG NYSKAPING

- E-handel i små og mellomstore bedrifter
- E-forvaltning og offentleg organisering
- Infrastruktur og nettverksutvikling
- Regional utvikling og næringsutvikling

REISELIV

- Berekraftig reiseliv og geoturisme
- Fritidsbruk
- It og reiseliv

MILJØ

- Alternative drivstoff
- Berekraftig landbruk
- Berekraftig mobilitet
- Industriell økologi
- Lokal miljø- og klimapolitikk

Euro Info Centre Vest er eitt av fem EU-informasjonscenter i Norge

- Informasjon og rådgjeving til næringslivet om EU og EØS-avtalen
- Norsk distributør av mellom anna EU-kommisjonen sine databasar

Vestlandsforskning, Postboks 163, 6851 Sogndal
Telefon 57676150 Fax: 57676190
E-post: info@vestforsk.no - Internett: www.vestforsk.no

Årsmelding 2006 - Vestlandsforskning

Oppdrag

66 prosjekt var under arbeid i 2006. Oppdraga fordelte seg slik etter storleik (i tusen kroner):

Prosjekt storleik	Tal prosjekt	Del av omsetninga
0-100	17	5%
101-500	32	30%
501-2000	11	37%
>2001	6	28%

Fleire av prosjekta går over fleire år og blir utført i samarbeid med andre fagmiljø både i regionen, i landet elles og internasjonalt.

Omsetnad og finansiering

Omsetnaden i 2006 var på 16,7 mill. kroner. Grunnløyving frå forskingsrådet utgjorde 9,2% inntektene, grunnløyving frå fylkeskommunen 4,7%, medan 86,1% oppdragsinntekter.

Oppdraga fordeler seg slik etter oppdragsgjevar/finansieringskjelde:

	2006	2005	2004	2003
EU/Utland	13%	16%	19%	11%
Forskringsråd	20%	31%	23%	17%
Kommune/fk.kom.	18%	19%	14%	25%
Statsforvaltninga	30%	13%	20%	26%
Næringsliv og org.	19%	21%	24%	21%

Oversikten viser omsetnad etter oppdragsgjevarar, men gir ikkje eit bilete av kva brukarar eller tema prosjekta er retta mot. Både EU-kommisjonen, forskingsråd og statsforvaltninga er oppdragsgjevarar for ei rekkje prosjekt retta mot næringslivet og kommunesektoren. Endra rapporteringsrutinar gjer at prosjekt som tidlegare kom inn under forskingsrådet no kjem under den etaten som betalar ut midlane, noko som i år gjer utslag på tabellen over.

Kommunar og næringsliv

Næringslivet medverka i 27 av prosjekta ved instituttet i 2006. Verksemdene er frå ulike bransjar og i alle storleikar, frå einmannsbedrifter til dei største verksemdene i landet.

I 18 av prosjekta under arbeid i 2006 var kommunar frå alle deler av landet deltakarar på ulike vis. I nokre prosjekt er kommunane oppdragsgjevarar, i andre er dei kjelde for primærdata eller utprøvingkommune.

Regionalt samarbeid

Det regionale samarbeidet vart ytterlegare styrka i 2006 både gjennom prosjekt, rådgjeving og anna kunnskapssamarbeid. Fylkesmannen, fylkeskommunen, Innovasjon Noreg, kommunane, NHO og enkeltbedrifter i næringslivet, LO, organisasjonar og Høgskulen i Sogn og Fjordane er viktige samarbeidspartar i mange større prosjekt. Verdiskaping 2010 er eitt av desse, der partane i arbeidslivet saman med forvaltning og verkemiddelapparat samarbeider om innovasjons- og nyskapingssprosjekt i bedrifter. Vidareføring av aktivitetane i VS2010, Kompetansemekling m.fl. blir sentralt i det regionale VRI, som startar opp i 2007. Instituttet si rolle som regional utviklingsaktør og partner i innovasjonsarbeid går parallelt med rolla som tilbydar overfor regionale oppdragsgjevarar.

Internasjonalt samarbeid

Vestlandsforskning har vektlagt internasjonalt arbeid. I 2006 var 6 av prosjekta eit samarbeid med forskarar i andre land i Europa. Desse prosjekta er gjerne større prosjekt som går over fleire år.

Forskarar frå instituttet heldt 8 foredrag på internasjonale konferansar/seminar i 6 land i 2006.

Publisering, formidling og informasjon

Forskarane har i 2006 bidrege med 2 artiklar i internasjonale tidsskrift med referee-ordning. Det vart gitt ut 6 VF-rapportar og 21 notat ved instituttet. Ein av rapportane er ei doktorgradsavhandling. Forskarane heldt til saman 59 foredrag, inkl. framlagde paper og foredrag utgitt i konferanserapportar. Forskarane har bidrege

Årsmelding 2006 - Vestlandsforskning

med 9 artiklar i bøker og tidsskrift. Vestlandsforskning har vore arrangør/medarrangør av 11 konferansar/seminar i 2006.

Vestlandsforskning har i løpet av året jobba med å utforma nye nettsider basert på emnekartteknologi. Nettstaden vart lansert 11. desember. Alle våre publikasjonar blir lagt ut i fulltekst og i mange høve nyttar instituttet berre nettpublisering, ikkje papirutgåve i det heile. Fleire av prosjekta har eigne nettstader der informasjon om kva som skjer blir lagt ut.

Personale og kompetanseutvikling

Det vart utført ca. 21,7 årsverk ved instituttet i 2006. Ved utgangen av året hadde instituttet 25 tilsette. Prosjektinngangen ved instituttet er god, og det er eit mål å auke tal forskarar til 25 innan 2010.

Det er gjennomført ei rekkje internprosjekt, seminar og andre aktivitetar som lekk i instituttet sitt eige utviklingsarbeid.

PhD Robert Engels og Professor Karl Georg Høyer var i 2006 knytt til instituttet i bistilling. I 2006 avslutta ein forskar doktorgradsarbeid ved VF. Ved utgangen av 2006 var det fire fulltidsforskarar ved instituttet med doktorgrad. Ein vil avslutte doktorgradsarbeid i 2007.

Vestlandsforskning hadde i 2006 to traineear ved instituttet. Erfaringane er gode og og instituttet vidarefører traineeordninga. Vestlandsforskning ønskjer å legge til rette for at masterstudentar og PHD-studentar kan ha arbeidsplass ved instituttet.

Strategi 2007-2010

Vestlandsforskning la i 2006 følgjande strategiar for utviklinga av instituttet dei næraste åra:

- Vidareutvikle ein tverrfagleg og internasjonal profil på våre forskingsområde
- Auke fagleg utviklingsaktivitet gjennom prioritering av publisering og doktorgradsarbeid
- Utvide forskingsaktiviteten mot nye bruksområde for kunnskapen vår
- Utvide til 25 forskarårsverk
- Utvikle ein robust organisasjon gjennom sterkare intern plattform og gjennom formalisert samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og med andre universitet og forskingsinstitusjonar
- Sikre ei økonomisk solid og handlekraftig verksemd

Strategiane er konkretiserte og periodiserte og er styrande for årleg ebujsjettprioriteringar. Strategiplan 2007-2010 med grunnleggande ide og verdigrunnlag skal vere gjenkjenneleg i alle deler av verksemda.

STYRE OG LEIING

Styret

Knut M. Olsen, Sogn og Fj. Fylkeskommune, leiar
Ester Belsvik, BB-gruppen, nestleiar
Berit Bringedal, Legeföreningen
Jan Heggheim, Doria AS
Tor Steig, NHO
Inger Johanne Sundby, Statskonsult
Kyrre Groven, Vestlandsforskning

Varamedlemer

Åshild Kjelsnes, Sogn og Fj. fylkeskommune
Reidar Sandal, Stortinget
Per Ole Johansen, RBL
Trude Brosvik, Sogn og Fj. Fylkeskommune
Erlend Fagermoen, Sogn og Fj. fylkeskommune
Inge Jan Henjesand, BI
Håvard Myrvang, Vestlandsforskning

Dagleg leiing

Direktør Agnes Landstad
Kontorleiar Bjørg Haukereid

Miljøgruppa

Forslingsleiar Carlo Aall
Gruppeleiar Eivind Brendehaug

IT-gruppa

Forslingsleiar Ivar Petter Grøtte
Gruppeleiar Svein Ølnes

STYRET SI VURDERING

Vestlandsforskning er eit solid og framtidretta forskingsinstitutt som i 2006 har konsolidert stillinga som eit internasjonalt forskingsinstitutt med regional forankring.

Vestlandsforskning arbeider etter langsiktige faglege strategiar. Instituttet og styret har i 2006 utvikla strategiar for 2007-2010 der vi bygger vidare på styrkane i fagmiljøet og utviklar oss mot nye forskingstema og nye bruksområde. Tverrfagleg og internasjonal profil vil framleis vere gjennomgåande kjennemerke på våre forskingsområde.

Instituttet har i 2006 vurdert sterkare samarbeid og ev samorganisering med Høgskulen i Sogn og Fjordane gjennom etablering av eit felles aksjeselskap. Konklusjonen er å legge til rette for felles fagutviklingsstrategiar og fagleg samarbeid på utvalde område.

Fagleg kvalitet og fagleg utvikling er eit kontinuerleg og langsiktig arbeid i Vestlandsforskning. Ein forskar avslutta doktorgradsarbeid i 2006. Ytterlegare ein forskar vil disputere i 2007 og to forskarar startar doktorgradsutdanning i 2007. For styret er det eit mål å auke tal forskarar ved instituttet totalt og tal forskarar med doktorgrad spesielt dei komande åra.

Aktiviteten på vitenskapleg publisering har auka i 2006. Instituttet bør auke publiseringa i tidsskrift med referee ytterlegare i året som kjem. Også aktiviteten på populærvitenskapleg publisering har auka i 2006. Dette meiner styret er viktig for å gjere verksemda vår og den kunnskapskapitalen som er opparbeidd ved Vestlandsforskning kjend for omverda. Instituttet må finne ein god balanse mellom meritterande publiseringsaktivitet og populærpblisering som gjer arbeida våre tilgjengelege for eit større publikum.

PERSONALE

Otto Andersen, PH.D. forskar
Idun Husabø Andersen, trainee frå 25.09.06
Eivind Brendehaug, cand.agric., forskar
Robert Engels, bistilling
Heather Broomfield, BA, forskar
Ole Inge Gjerald, forskar, cand. Polit.
Kyrre Groven, cand.philol, forskar
Ivar Petter Grøtte, cand.scient., forskingsleiar
Oluf Haugen, MIT, systemkonsulent
Bjørg Haukereid, kontorleiar
Erling Holden, dr.ing., forskar
Nils Arne Hove, systemutviklar
Karl Georg Høyer, Ph.d. professor i bistilling
Siri Kvammen, sekretær
Agnes Landstad, direktør
Øyvind Heimset Larsen, siv.ing., forskar
Håvard Myrvang, IT-ansvarleg
Hogne Lerøy Sataøen, trainee,
Ingjerd Skogseid, MSc, forskar
Anne Lise Uglum Skaar, informasjonssekretær
Geir Strand, Master i samf.planlegging, forskar
Jan Erik Weinbach, trainee
Svein Ølnes, cand.agric., forskar
Terje Aaberge, Dr.ès sc., forskar
Carlo Aall, Ph.D. forskar

Årsmelding 2006 - Vestlandsforskning

Dei økonomiske rammevilkåra i instituttsektoren er framleis utfordrande. God budsjett disiplin og høg aktivitet gir eit rekneskap med godt overskot også i 2006 i tråd med budsjett og strategiar. Resultatet i 2006 syner at Vestlandsforskning er eit fagleg og økonomisk solid forskingsinstitutt. Det at så mykje som 86% av aktiviteten ved instituttet er finansiert ved oppdrag set store krav til forskarane si evne til akkvisisjon og til relevans i forskingsarbeidet.

Ei god økonomisk drift og viktige basisløyvingar frå Norges Forskningsråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjeve handlingsrom for faglege satsingar også i 2006. Tre viktige satsingar det siste året har vore klimaforskning, reiselivsforskning og forskning på semantiske vevtenester. Med eigne ressursar har fagmiljøet bygd kompetansen og arbeidd strategisk for å posisjonere seg fagleg nasjonalt og internasjonalt på desse områda. Styret ser på dette som investeringar i ein kunnskapskapital som vil kaste av seg både målt i kvalitet- og relevanskriterie og i økonomiske termar. Når Vestlandsforskning på slutten av 2006 fekk to større forskingsprosjekt på klimasårbarhet og lokal klimatilpassing, ser styret det som resultat av god langsiktig og målretta fagleg satsing mot tema som er viktige i samfunnet.

Styret er godt nøgd med arbeidet på instituttet i 2006. Arbeidet held høg kvalitet og forskarane samhandlar godt med omjevnadene, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Prosjektinngangen i 2007 er særskild god, noko som inneber rekrutteringsbehov.

Ved utgangen av året er tre av nitten forskarar ved Vestlandsforskning kvinner. I 2006 har ein rekruttert ei kvinne til traineestilling, og det er eit mål å rekruttere fleire kvinner i forskarstillingar ved instituttet. Traineesatsinga har vore vellukka rekruttering og har gjeve auka regionalt samarbeid og er difor vidareført i 2006. Vestlandsforskning har stabilt lågt sjukefråver på 3,8 %. Arbeidsmiljøet er stabilt og godt. Ombygging av lokala i 2006 har medført belastning på arbeidsmiljøet undervegs, men har gjeve gode resultat i form av betre integrering av forskargruppene og trivelegare fysisk arbeidsmiljø. Ombygginga har også gjeve god integrering av Vestlandsforskning med resten av verksemda i Fosshaugane Campus.

Instituttet har fokus på miljøkonsekvensar av verksemda og korleis vi kan redusere desse. Reiseaktiviteten representerer ei stor utfordring. I 2006 har instituttet investert i videokonferanseutstyr for å redusere reiseaktiviteten der det er muleg. Dette er eit område Vestlandsforskning må ha merksemd på i åra som kjem.

Tre pågåande langsiktige prosessar vil påverke instituttet si utvikling dei komande åra:

- Styret og administrasjonen har siste åra arbeidd med ei nasjonal satsing på forskning for og om turisme. I mai 2007 etablerer vi Forskingssenter for geoturisme og berekraftig reiseliv i nært samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Vi rekrutterer felles forskingsleiar og forskarar og satsar relativt tungt med eigne ressursar på det vi trur er eit sentralt kunnskapsområde for å utvikle potensialet i natur- og kulturarven vår og sikre lokal verdiskaping. Den nye nasjonale reiselivsstrategien som er under utvikling blir viktig, og ikkje minst at ein nasjonalt vil prioritere ressursar til å bygge kunnskapsbasen for reiselivsutvikling i Forskingssenteret vårt.
- Klimaendringane og klimasårbarhet har kome på dagsorden med full tyngde og konsekvensane er tydeleggjort t.d. ved urolege vertypar, ras, flaum osv. Behovet for kunnskap om føresetnader for lokal klimatilpassing og planlegging er stort og aukande. Vestlandsforskning bygger seg no opp til å bli ein sentral kunnskapsleverandør på området i ei forlenging av vår historie innan miljø-, planlegging- og lokalsamfunnsforskning.
- Norges Forskningsråd etablerer i 2007 forskingsprogrammet Virkemidler for regional FoU og innovasjon 2007-2017 (VRI). VF deltek i den regionale partnerskapen som utarbeider VRI-programmet for fylket. Dersom sentrale styresmakter vel å legge ressursar i programmet som svarar til ambisjonane, kan VRI bli eit vesentleg verkemiddel for regional forskingsbasert innovasjon.

Vestlandsforskning er eit veletablert institutt som samhandlar godt med offentleg og privat verksemd og med andre forskingsmiljø regionalt, nasjonalt og internasjonalt. I 2007 vil det gjerast viktige strategiske val for korleis instituttet kan utvikle si rolle i regionen gjennom VRI, for korleis eit nasjonalt Forskingssenter for geoturisme og berekraftig reiseliv skal finansierast og for posisjonering inn mot 7.Rammeprogram i EU. På alle dei tre nivåa skal Vestlandsforskning framleis ha ei tydeleg rolle som kunnskapsleverandør og samarbeidspart.

Årsmelding 2006 - Vestlandsforskning

RESULTATREKNESKAP

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2006	2005
Driftsinntekter	<u>16.757.365</u>	<u>15.166.960</u>
Prosjektkostnader	3.782.638	2.850.964
Lønnskostnader m.m. (note)	10.579.595	9.884.054
Andre driftskostnader (note)	<u>2.044.284</u>	<u>1.991.188</u>
Avskrivningar	<u>42.287</u>	
Driftskostnader	<u>16.448.804</u>	<u>14.726.205</u>
Driftsresultat	<u>308.561</u>	<u>440.755</u>
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
Resultat av finansposter	<u>148.575</u>	<u>2.540</u>
ÅRSRESULTAT	<u>457.136</u>	<u>443.294</u>
BALANSE		
EIGENDELER		
Inventar/kontormaskiner	<u>103.000</u>	
Anleggsmidler	<u>10.000</u>	<u>10.000</u>
Omløpsmidlar		
Prosjekt under arbeid	<u>3.049.475</u>	<u>2.335.378</u>
Fordringer	<u>2.742.699</u>	<u>3.431.086</u>
Bankinnskott, kontanter og lignende	<u>10.301.215</u>	<u>8.086.887</u>
Omløpsmidlar	<u>16.093.389</u>	<u>13.853.351</u>
SUM EIGENDELER	<u>16.206.389</u>	<u>13.863.351</u>
GJELD OG EIGENKAPITAL		
Eigenkapital		
Grunnfond	4.000.000	4.000.000
Annan egenkapital	<u>1.296.840</u>	<u>839.703</u>
Sum egenkapital	<u>5.296.840</u>	<u>4.839.703</u>
Gjeld		
Langsiktig gjeld	<u>999.945</u>	<u>1.357.398</u>
Kortsiktig gjeld	<u>9.909.604</u>	<u>7.666.249</u>
Sum gjeld	<u>10.909.549</u>	<u>9.023.647</u>
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	<u>16.206.389</u>	<u>13.863.351</u>

FRÅ AKTIVITETEN I 2006

Helse

Vestlandsforskning har i 2006 kome godt i gang med arbeid innanfor det nye tematiske området helse. Fleire nye aktivitetar byggjer opp om satsinga som ser ut til å ha eit stort potensiale. Gjennom IT-forum Sogn og Fjordane gjennomførde Vestlandsforskning eit forprosjekt for å klargjere, samordne og planlegge muleg satsing på bruk av IKT og breibandteknologi for eit utval teneste innan helse og omsorg. Samarbeidspartnarane var Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane. Prosjektet vurderte dei tematiske bruksområda teneste for pasientar med krav om individuell plan, teneste for legekontor, legevakt og akuttmottak, rekvisisjonssystem for sjuketransport og ambulanse, teneste for kriseberedskap og sårbarheitsanalyser og teneste for storskala innkalling.

I løpet av året arbeidde Vestlandsforskning og IT-forum vidare med å etablere samtrafikk mellom Norsk Helsennett og kommunane i fylket då dette er føresetnaden for realisering av dei fleste av bruksområda. Vidare har Vestlandsforskning på oppdrag frå Helse- og Sosialdirektoratet evaluert innføring av elektronisk pasientjournal i Helse Førde og meldingsutveksling mellom Helse Førde og eit utval kommunar i fylket. Meldingsutvekslinga omfattar henvising og epikrise, og målet er generell reduksjon av papirbruk mellom primærlege og spesialist.

Vestlandsforskning har også vore involvert i prosjektet "Gult Kort", ei forsøksordning prøvd ut i Flora kommune der målet er å redusere sjukefråveret gjennom endra kommunikasjonsrutinar mellom lege, arbeidstakar og arbeidsgjevar. Prosjektet har vist at det går an å skape arenaer der andre muligheter enn sjukemelding blir vurdert. Gult Kort har også fått betydning i den politiske diskursen både som eitt av tiltaka forslått i Stoltenbergsutvalet, og gjennom at statsråd Bjarne Håkon Hanssen ønskjer å arbeide vidare med ordninga i større skala. Prosjektet har gått over tre år og Vestlandsforskning har bidrege i design av prosjektet og i undervegsevaluering.

Fritidsforbruk

For første gong internasjonalt er det samla fritidsforbruket for eit land kartlagt. Prosjektet er gjennomført av Vestlandsforskning i samarbeid med Statens institutt for forbruksforskning med støtte frå Norges forskningsråd innanfor programmet "Rammebetingelser, styringsmuligheter og virkemidler for en bærekraftig utvikling" (RAMBU). Ein har prøvd å svare på tre spørsmål: Kva er fritidsforbruk? Kva typar fritidsforbruk belastar miljøet minst? Og korleis kan vi redusere miljøbelastninga frå fritidsforbruk?

Kartlegginga viser at fritidsforbruket står for om lag ¼ av husholdningane sitt samla energiforbruk i Norge, det aukar meir enn det øvrige forbruket, og det er dei mest energikrevande formene for fritidsforbruk som aukar mest. Feriereiser medfører det største energiforbruket og står for 25 prosent av det samla energiforbruket i fritida. Meir overraskande er det at friluftsliv medrekna hytteturar kjem ut med det nest største energiforbruket (16 prosent), der energiforbruket til å transportere seg til og frå friluftaktiviteten står for halvparten av dette forbruket. Andreplassen vert delt med besøk til slekt og venner, der all energibruk gjeld transport. Moderne heimeunderholdning har det tredje største energiforbruket (12 prosent).

Enkelte typar fritidsforbruk har auka svært mykje dei siste åra. I perioden 2001-2005 har mellom anna følgande skjedd: + 29 prosent i gjennomsnittsareal for nybygde hytter i Norge; +37 prosent i tal nordmenn med fritidsbustad i utlandet; +75 prosent i tidsbruk til heimedatamaskin; +100 prosent i vekt for import av sportsutstyr; +115 prosent i kroner til kjøp av lyd- og bildeapparat og heimedatamaskiner; +180 prosent i vekt for import av fritidsbåtar.

Dei mest energiintensive formene for fritidsforbruk aukar mest. Rekna per krone er feriereiser den mest energiintensive forma for fritidsforbruk, medan teater, opera og restaurant/kafé er minst energiintensiv. I perioden 2001 til 2005 har det til dømes vore ein stagnasjon i kroneforbruket til restaurantbesøk, men 87 prosent auke i tal utanlands fritidsreiser med rute-fly. Tal for 2006 viser ei ytterlegare auke på 15 prosent i flyreisene til utlandet.

Tiltak for å redusere miljøbelastninga frå fritidsforbruk kan skje på fire måtar: (1) redusere forbruket av dei mest problematiske formene for fritidsforbruk – som utanlands flyreiser, (2) gjere fritidsforbruket meir energieffektivt – som å energimerke utstyret til den elektroniske heimeunderholdninga; (3) bruke meir pengar på dei minst energikrevande formene for fritidsforbruk - som restaurantbesøk - og tilsvarande mindre pengar på dei mest

energikrevende - som sydentur; og (4) lære ny miljøvennleg praksis i fritida - som å sykle på ferie eller ete økologisk mat på restaurant - for så å ta dette med tilbake i kvardagen.

Den semantiske veven

Semantikk er gresk og betyr "tydinga av ord". Når vi snakkar om ein semantisk vev, er det maskinene som skal "forstå" orda. Vevan i dag er forståeleg for folk, men maskinene som leverer oss innhaldet forstår lite av det dei serverer og kan slik ikkje hjelpe oss til å visa relasjonar som ikkje er direkte koda inn. Sjølv i ein god søkemotor som Google vil det vera bortimot umuleg å gjera eit søk som viser kunstnarar som var inspirerte av målaren Edvard Munchs. Prosjektet *MultimediaN e-Culture Project* frå Vrije Universiteit i Amsterdam, ein av samarbeidspartnarane våre, viser korleis dette er muleg med semantisk tilleggsinformasjon (lenke: <http://e-culture.multimedian.nl/demo/search>).

Ved å beskriva informasjonen med tilleggsinformasjon, metadata, kan vi hjelpe maskinene til å finna samanhengar mellom informasjonselement. Gevinsten av dette er ein rikare informasjon og at vi også kan finna samanhengar som elles ikkje ville vorte funne.

Vestlandsforskning har arbeida med semantiske prosjekt over lenger tid. I 2006 arbeida vi særleg med semantisk teknologi innan desse områda:

- utarbeiding av felles emneordliste for offentlege tenester (Norge.no)
- bruk av emnekart for å modellera tenesteprosessar (Husbanken, Vegdirektoratet, Numedalskommunane og Norge.no)
- utvikling av nye nettsider for Vestlandsforskning basert på emnekart-teknologi
- bruk av semantisk teknologi i oljesektoren (Oljeindustriens Landsforening, OLF)

Utviklinga innafor den semantiske veven er i kraftig vekst og arbeidet vårt er her som på andre område i tett samarbeid med brukarane. Vi arbeider med begge dei rådande semantiske teknologiane *emnekart* (Topic Maps) og med *RDF + OWL*.

PUBLISERING

VITSKAPLEGE ARTIKLAR MED REFEREE

Lindseth, Gard:

Political discourse and climate change: The challenge of reconciling scale of impact with level of governance. Gard Lindseth. Doctoral thesis. Presented for the degree of dr.polit at NTNU.

"Scalar strategies in climate-change politics: debating the environmental consequences of a natural gas project" *Environment and Planning C: Government and Policy* **24(5)** 739 – 754

Aall, Carlo:

Norland, I., Næss, L.O., Lafferty, W., Aall, C. (2006): Local vulnerability to climate change in Norway - Charting local scale vulnerability assessment as a basis for adaptation strategies. *Global Environmental Change*, Volume 16, Issue 2 , May 2006: 221-233

VF-RAPPORTAR OG NOTAT

VF-Rapportar

1/06 Konstruksjon av informasjonsstruktur for tematisk avgrensa informasjonsdomene
Innspel til vidareutvikling av LivsIT. Terje Aaberge

2/06 Kommunar, IKT og helse. Av Geir Strand, Oluf Haugen, Ivar Petter Grøtte

3/06 Emnekart og tenesteprosessar Bruk av emnekartteknologi som kunnskapsstøtte for utføring av tenester på nettet. Av Svein Ølnes

4/06 Regional klimasårbarhetsanalyse for Nord-Norge. Kyrre Groven, Hogne Lerøy Sataøen, Carlo Aall

5/06 Political Discourse and Climate Change: The Challenge of Reconciling Scale of Impact with Level of Governance. Dr.gradsavhandling. Gard Lindseth

6/06 Evaluering av "Gult kort". Hogne Lerøy Sataøen

VF-Notat

1/06 The role of regional authorities in the development and promotion of mountain quality products. Studies and analysis in Sogn og Fjordane, Norway. Jan Erik Weinbach, Eivind Brendehaug, Carlo Aall

2/06 Minipubliseringssløysing. "Enkel løysing for å sikra at alle kan presentera seg på nett". Terje Aaberge

3/06 Felles presentasjon av reiselivsproduktet Indre og midtre sogn. Terje Aaberge

4/06 "Tillitsvaldkonferanse INC gruppen 2. og 3 februar 2006" ? Geir Liavåg Strand

5/06 Opplevelsesnæringar i Vestlandsbygdene Carlo Aall og Ståle Brandshaug

6/06 Aktivitets- og opplevingstilbod i Aurland kommune. Jan Erik Weinbach og Eivind Brendehaug

7/06 Profilering og sal av småskala aktivitets- og opplevingstilbod i Aurland kommune. Eivind Brendehaug og Jan Erik Weinbach

8/06 Samfunnsregnskap for Oslo Sporveier 2005. Hogne Lerøy Sataøen og Otto Andersen

Årsmelding 2006 - Vestlandsforskning

9/06 E-handel – grønn omsorg. Terje Aaberge. Intern

10/06 Regionalparker – en mulig modell for å styrke arbeidet med bruk og vern i og rundt større norske verneområder? Basert på inntrykk fra en studie til Queyras regionalpark i Frankrike. Av Carlo Aall og Tom Dybwad

11/06 Ikke-teknologisk barrierer for hydrogen som energibærer i transport. Av Otto Andersen.

12/06 Politisk diskurs og klimaendringer. Presentasjoner i forbindelse med dr.polit.avhandling ved NTNU. Av Gard Lindseth

13/06 Økologisk fotavtrykk. Marius Knagenhjelm og Carlo Aall

14/06 Evalueringsrapport. Innføring av EPJ og papirlite sjukehus i Helse Førde. Geir Strand

15/06 Transport, miljø og kostnader. Oppdatering av database. Otto Andersen

16/06 Introduksjon til klimasårbarhet og klimatilpasning i Fredrikstads klima- og energiplan. Hogne Lerøy Sataøen

17/06 Samarbeidskonferanse INC Gruppen 16.-17. november 2006. Geir Strand

18/06 Kartleggingskonferanse INC Vedlikehold Svelgen 18. november 2006. Geir Strand

